



Sommerro Panorama as
Kjell A Reigstad

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1897 - 15/32763

Saksbehandlar:

Christian H. Reinshol

Christian.Reinshol@lindas.kommune.no

Dato:

22.10.2015

Svar på søknad om nedsetjing av gebyr for handsaming av reguleringsplan for Kubbaleitet

Me viser til dykkar søknad om redusert gebyr i høve gebyrregulativet § 4.12. Det vert søkt om at gebyret vert sett ned med 25 % (kr 42.500,-) med grunngeving i forseinka handsaming i høve handsamingstida som er fastsett i plan- og bygningslova § 12-11. I høve kriteria fastsett i forskrift og pbl § 12-11, er handsamingstida overskriden med 7 veker og 3 dagar.

Administrasjonen har vurdert søknaden knytt til nedsett gebyr og kome fram til at det, ut i frå argumentasjonen som er lagt fram, kan gjevast ein reduksjon i gebyr på 25 % som omsøkt. Sjølv om kommunen har gått over den formelle fristen på 12 veker handsamingstid som er sett i plan- og bygningslova 12-11, meiner kommunen at det framleis ligg tilhøve til grunn for at ein ikkje skal redusere gebyret fullt ut etter forskrifta. Som søkar peiker på, har det vore dialog undervegs knytt til sakshandsamingstida og det kan argumenterast at søknad ikkje var komplett før sosi-filer var levert inn. Etter ei heilskapleg vurdering ser administrasjonen det som eit akseptabelt kompromiss å gi reduksjon i gebyr som omsøkt i denne saka.

Nytt gebyr pålydande kr 127.500,- vil bli sendt ut til Sommerro Panorama AS, org.nr 997 431 901. Tidligere gebyr på kr 170.000,- vil verte kreditert/sletta.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Christian H. Reinshol
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Mottakarar:
Sommero Panorama as